

10 gode grunnar til å vere konfirmant i kyrkja



1. Du får oppleve kva kristen tru er. Det er meir enn eit skulefag.
2. Konfirmasjonsdagen er berre din, og vi ber om velsigning og styrke over livet ditt.
3. Du får oppleve eit nytt fellesskap med andre på samlingar, festival, og bli kjent med fleire.
4. Du får engasjere deg for andre menneske. Du får også lære kva vi kan gjere for å ta vare på jorda og klimaet vårt.
5. På konfirmasjonsdagen får dei som er glad i deg feire deg.
6. Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – og kva som er viktig for deg.
7. I konfirmasjonstida pratar vi om sorg og glede, om livets store og små spørsmål.
8. Du får tid til å reflektere, tenke kritisk og sjølvstendig om tru og kva kristendom er.
9. Du blir del av eit større fellesskap. Berre sjå på #konfirmantene på TikTok!
10. Du møter folk med ulike meningar, og saman med dei lærer du noko felles.

Helsing oss i Fitjar kyrkje. Kontakt oss gjerne på kyrkja@fitjar.kommune.no.



DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar kyrkjelyd

No er det din tur

KONFIRMANT 20 ✦ 22



DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar kyrkjelyd

Ei tid for fellesskap og til å tenke sjølv



**Neste år kan du feire din konfirmasjonsdag i kyrkja!
Velkomen som konfirmant i Fitjar kyrkje!**

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av. Vi håper du vil være konfirmant hos oss!

KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan tyder både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Eit høgdepunkt i konfirmasjons-gudstenesta er når vi ber ei bøn for deg. I bøna ber vi Gud om å velsigne deg og å styrke deg på din veg vidare i livet. Det viktigaste med konfirmasjonstida er å være ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua. Konfirmasjonen er påminninga om at Gud i dåpen sa ja til å vere ein del av ditt liv.

KONFIRMASJON ER FOR ALLE

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja, både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt med kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre på tlf: 95138562 eller e-post: rama@fitjar.kommune.no Saman med finn me ut korleis me kan gi det beste tilbodet.

KONFIRMANTTIDA HOS OSS

Det er ulike samlingar i kyrkja gjennom året. Samlingane er i grupper rett etter skuletid. Samlingane startar med eit enkelt måltid. Me har óg tid til leik. På desse samlingane vil me saman utforske ulike tema om trua, bibelen, Gud, Jesus og Den heilage Ande. Samlingane vert: **onsdagar** kl. 14.15 - 15.45

PRIS FOR KONFIRMANTÅRET:

kr 1000,- pr halvår.

FESTIVAL

Alle konfirmantane deltek på konfirmantfestival på Langevåg. Det er ein festival for regionen vår, med konfirmantar frå ulike stader i Sunnhordland. Denne festivalen er ein søndag i februar. Det er cup og "plug and play" aktivitetar. Ein kjekk dag der me møter konfirmantar frå mange andre stader i Sunnhordland.

KONFIRMASJON OG DÅP


Er du ikkje døypt og lurar på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan, og du er heller ikkje aleine! Over tusen ungdommar vert døypte kvart år i forkant av konfirmasjonen. Saman med deg og den næraste familien din vert du døypt i ein fin sermoni i forkant av konfirmasjonen.

PÅMELDING

Gå inn på www.kyrkja.no/fitjar og fyll ut skjema for innskriving konfirmant 2021-2022. Det vert eit informasjonsmøtet om konfirmanttida i juni. De får invitasjon til møte, når me veit korleis me kan organisere det. Er det noko de vil snakke om eller lure på før den tid, er det berre å ta kontakt.

**Påmelding på nett www.kyrkja.no/fitjar
Frist for å melde seg på er 1.juni**

Opplev livet som konfirmant på TikTok #konfirmantene



For å gi deg eit innblikk i kva kyrkjeleg konfirmanttid går ut på, deler konfirmantane i år frå livet som konfirmant på TikTok **#konfirmantene**.